




Universitetet i Bergen

Uttak 09.10.2012

Nyhet fra 28.05.2003

Nyhetsklipp

Røyk doblar MS-risiko

 Bergens Tidende Morgen

28.05.2003

2

Bergens Tidende

Røyk doblar MS-risiko

Bergens Tidende Morgen. Publisert på trykk 28.05.2003.
KJERSTI MJØR. Side: 2.

Røykarar har dobbelt så stor risiko for å få multippel sklerose (MS) som

ikkje-røykarar, viser oppsiktsvekkjande forskingsresultat frå Bergen.

KJERSTI MJØR kjersti.mjor@bt.no Om kort tid publiserer det viktigaste internasjonale tidsskriftet innan nevrologi, Neurologi, ein artikkel om røykevanar og multippel sklerose (MS).

- Aukar risikoen Ei forskargruppe ved Institutt for samfunnsmedisinske fag i Bergen har samanlikna livstilsvanar blant MS-pasientar og befolkninga elles, og har funne at røykarar har dobbelt så stor risiko enn andre for å utvikle MS.

- Eit overraskande funn, seier professor i epidemiologi ved Institutt for samfunnsmedisinske fag, Trond Riise, til BT.
- Materialet viser at det er ein overrisiko for MS både blant kvinner og menn som røyker. Med dette kjem multippel sklerose til på ei lang liste over sjukdomar som røykarar risikerer å få, seier Riise.

Han har skrive artikkelen saman med Alberto Ascherio ved Harvard University i Boston og Monica W. Nortvedt på Institutt for samfunnsmedisinske fag ved Universitetet i Bergen.

Forskarane har studert materialet frå den store Helseundersøkelsen i Hordaland (HUSK), der over 22.000 menn og kvinner mellom 40 og 45 år deltok.

Blant desse var 87 personar med MS. Svært mange røykte før dei fekk sjukdommen. Berre 24 prosent har aldri røykt, og det er tretten prosent færre enn i den vanlege populasjonen.

- Røyking er ikkje årsak til MS. Men vi er ganske sikre på at røyking aukar risikoen og gjer kroppen meir mottakeleg for sjukdommen, forklarar Riise.

Han viser til ei amerikansk studie blant sjukepleiarar som er kome fram til same konklusjon.

- Forstår litt meir Årsakene til MS er ei gåte som forskarane enno ikkje har klart å løyse, og det er fleire teoriar om kva sjukdommen skuldast.

- Vi jaktar framleis på årsakene til denne mystiske sjukdommen.

Det kan vere ein infeksjon eller eit virus som sparkar i gang ein unormal reaksjon i immunsystemet, forklarar Riise.

- Men når vi no er ganske sikre på at nikotin aukar risikoen, kan dette hjelpe oss til å forstå litt meir om korleis sjølve sjukdommen oppstår.

MS rammar sentralnervesystemet hos unge vaksne, oftast i alderen 20 til 40

år, og kan blant anna gje symptom i form av lammelsar og forstyrning av syn, følesans og balanse.

I Norge blir kring 250 til 300 nye pasientar ramma kvart år, og mellom 6000

og 8000 nordmenn har sjukdommen.

© Bergens Tidende